

Offentleg utlysing no av TV-sendingar

25.04.2008

Administrasjonen i kommunen har no bedt om pris på sending av seks kommunestyremøte frå 19. juni til 18. desember. Deretter skal det vurderast om ordninga skal bli permanent.

Det var for to månader sidan formannskapet vedtok å innføra ei prøveordning med direkte TV-overføring frå kommunestyremøta.

Uskedalen-selskapet TV Sydvest kom med tilbud til kommunen om direkte sendingar for 7.500 kroner for kvart møte. Men fleirtalet ville at kommunen skulle gå vegen via ei offentlig utlysing og det er dette som no skjer.

Dei som vil gje pris må dokumentera at dei er i stand til å gjennomføra prøveperioden. Vurdering av erfaringane undervegs vil så gje grunnlag for eventuell forlengjing av avtalen.